

Sak 3.2 Valnemndas oppbygging i Rogaland Bygdekvinnelag

Innsendt av: Distriktsstyret i Rogaland Bygdekvinnelag

Innstilling frå distriktsstyret:

Årsmøtet tek stilling til om ein ynskjer å leggje om valnemnda på dette årsmøtet, eller å gje instruks til valnemnda om å leggje fram eitt forslag på ny oppbygging til neste årsmøte.

Saksutgreiing:

Det har kome fylkesstyret for øyre at valnemnda ikkje er oppbygd etter gjeldande vedtekter i Noregs Bygdekvinnelag. Vår oppbygging er at dei fem sona får ein representant kvar, med personleg vara. Dei er valt for to år.

I vedtektene står det: «Årsmøta i distriktslag og lokallag vel ei valnemnd med 2-3 medlemar og 1 varamedlem. Desse vert valde for 3-4 år med rullering. Medlemen som har sete lengst vert leiar for nemnda og går ut ved neste val. Medlem nr.2 rykkjer då opp som leiar. Nytt varamedlem vert vald kvart år.»